



Notat

Til: Laila Bjørge

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur/Bente Kopperdal Hervik

Vår referanse: 20/5833 - 5 / HistSak-499/8

Dato: 03.12.2021

Emne: Gbnr 499/8 Ystebø - fjerning av steingard - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om riving av steingard på gbnr 499/8 Ystebø. Den aktuelle steingarden er ikkje eit grensegjerde og har per i dag ingen praktisk funksjon. Eigar ynskjer å fjerna den og planera området til beite.

Utskiftingskartet frå 1876 tyder på at den aktuelle steingarden markerer grensa mellom utmarka og innmarka på den tida. Grensa mellom utmark og innmark kan gå langt attende, og denne steingarden kan såleis vera svært gamal.

I kulturminneplanen til Radøy kommune står det om steingardar: «*Steingardar er viktige element i kulturlandskapet. Som hovudregel skal det difor ikkje gjevast løyve til riving. Om det er naudsynt for gardsdrift eller det ligg føre andre tungtvegande behov, kan det gjevast løyve til riving av delar av muren. Opninga i muren skal ikkje vera større enn naudsynt, og det skal vera fint oppmurte avsluttingar. Andre tiltak som kjem i konflikt med steingardar skal i størst mogleg grad flyttast vekk frå eller ta omsyn til steingardane.*»

Steingardar er viktige kulturlandskapstrekk og historieforteljande element i landskapet. Dette gjeld ikkje minst gjeld dei steingardane som markerer grensene mellom innmarka, som tidlegare låg i teigblanding, og utmarka, som normalt var felles for alle bruka på garden. Dei steingardane som markerer grensa mellom innmark og utmark er normalt langt eldre enn dei som ligg i grensa mellom eigedomane på garden.

Me var på synfaring i det aktuelle området torsdag 9. desember. Steingarden ligg heilt oppe på ein bakketopp, omtrent der det flatar ut. Det såg ut til at steingarden no berre strekkjer seg over delar av eigedomen – og særleg tydeleg i nordvestleg del – mot grensa mot 499/3. Om restar av steingarden strekkjer seg lengre austover var dette ikkje mogleg å sjå på grunn av snø.

Kultur vil rå til at det ikkje vert gjeve løyve til fjerning av det som står att av denne steingarden. Me kan ikkje sjå at den delen av steingarden som står att vil føra til særlege ulemper for drifta av garden då den berre strekkjer seg over ein liten del av den aktuelle eigedomen.

Med venleg helsing

Bente K. Hervik
rådgjevar kultur